



KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for Tokke Kommune Nr. 1-2021, årgang 35.





KONTAKTINFORMASJON FOR KYRKJESTABEN:

Sokneprest Hallvard N. Jørgensen
Telefon: 959 22 984
E-post: hallvard.jorgensen@tokke.kommune.no

Kapellan Anne Marie Tempelen
Telefon: 940 37 338
anne.marie.tempelen@tokke.kommune.no.

Kyrkjevevje Bjørnar Christensen
Telefon: 908 77 188
E-post: bjornar.christensen@tokke.kommune.no

Sekretær Silje Sordal Knudsen Heggard
Telefon: 916 01 517
E-post: Silje.heggard@tokke.kommune.no

I REDAKSJONEN:

Hallvard N. Jørgensen (redaktør),
Eilev Erikstein, Gunstein Seltveit,
Christian Utigard.

Kyrkjelydsbladet «Kyrkjelyden»
Vipps 3886, alternativ 1
«Kyrkjelydsbladet i Tokke». Eller:
Kontonummer 2685.07.06947. Dersom
du gjev gåve på bankkonto, merk
overføringa «Gåve, kyrkjelydsbladet».
Bladet drivast no på frivillig basis i alle
ledd, men ein treng stønad til trykking av
blad.

Prostidiakon Eilev Erikstein
Telefon: 911 13 580
E-post: eilev.erikstein@tokke.kommune.no

Kyrkjetenar Bjarne Moen
Telefon: 906 18 054

Kyrkjetenar Nils Tarjei Dalen
Telefon: 957 45 169

Organist Robertas Lamsodis
Telefon: 970 97 475
E-post: rlamsodis@yahoo.com

KYRKJEKONTORET I TOKKE

E-post:
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no
Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

Kontoret har faste opningstider tysdag og
onsdag 10-14, men er til vanleg ope også
andre dagar.

Heimeside:
www.kyrkja.tokke.no

Framsida: Altartavle Lårdal Kyrkje.
Foto: Hallvard N. Jørgensen.





PRESTENS HJØRNE

No som du les dette nummeret av kyrkjebladet, er det nok sumar. Her i Tokke er vi heldige – vi har naturen heilt innpå oss – både i form av kulturlandskap og villmark. Og her er eit stort tilfang av planter og dyr. Kanskje er det ikkje så vanskeleg å sjå oss sjølv som menneska i skapingssoga, Adam og Eva. Også dei levde midt i frodige omgjevnader, og dei skulle gje namn til dyra og ta vare på hagen.

Evangeliet som forkynnast i kyrkja handlar på mange vis om dette – at vi er kalla til å leve som søner av Adam og døtre av Eva, i det store kunstverket som er Guds skaparverk. Vi får leve i Guds nåde, som vi kan få ta imot i ord og sakrament. Vi får bruke vår gudgjevne vilje, kreativitet og fornuft til å forme våre liv etter Guds og Kristi bilete. Ja – også våre omgjevnader får vi vere med på å forme og la oss forme av. Det gjeld både i ulikt slags arbeid, i handverk og ressursbruk, i familie og venskap, i kunst og kultur, i mange ulike typar fellesskap.

Det er eit stort og høgverdig kall å vere menneske. Men i våre dagar slit vi på ein del vis med å oppfylle kallet slik som vi skulle. Vi gjer diverre mykje skade på skaparverket, og vi slit med å endre kurs. Kyrkja har peika ut gode vegar, mellom anna i pave Frans sitt «miljørundskriv» med tittelen «Laudato si», «Lova vere Du». For ikkje så lenge sidan gav også våre eigne biskopar ut si uttaling «Guds skaparverk, vår heim».

I prinsippet er det kanskje slik: Dersom vi arbeider for ein sunn og god kvardag i våre eigne liv, kan vi også rekne med at vi gjer det for kloden som heilskap. Og vice versa. Og i vårt arbeid for det som er sunt og godt, så har vi så mykje i “Tokke-hagen”, som vi kan hente inspirasjon, styrke og glede frå.

HNJ





TOKKE NUMMER FIRE I LANDET

Fasteaksjonen i Tokke enda på 52 300,-. Det vil seie eit gjennomsnitt på 21 kroner. Det gjev reint vatn til 209 personar. Gledeleg er det også at summen gjekk opp med sytten tusen frå i fjor. Med dette resultatet er Tokke fjerde best i landet per ibuar.

I år var aksjonen mest digital, men på Askeondagsmessa på Tangane vart det gjeve 5000,- til Fasteaksjonen og Kirkens Nødhjelp.

TRENG ME MEIR OPNE KYRKJER?

Kyrkjene ligg der som små skattar i bygdene vår. Dei er hus ein samlast i, i glede som sorg, i gode og vonde dagar. Det siste året har mange gudstenester blitt avlyste, difor har ein prøvd seg med fleire opne kyrkjer knytt til Helgemesse, til siste sundagen før jol og fire onsdagar i fastetida. Er dette noko som folk synest er bra og som me bør forsette med, vil me gjerne høyre det. Ta gjerne kontakt med prostidiakon Eilev Erikstein på 91113580

DIAKONISAMLING FOR VEST- TELEMARK I KVITSEID

Diakonien skal binde saman og bygge fellesskap, også reint geografisk. Difor kjem ein saman til ei årleg Diakonisamling for i gamle Vest-Telemark prosti: Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal.

Sidan 1979 har kyrkja i Vest-Telemark samla seg til denne Diakonisamlinga. Årets samling skulle ha vore i Brunkeberg kyrkje fyrste sundag etter påske. Men covidten sette ein stoppar. Men no blir det i Kviteseid kyrkje sundag 17. oktober kl. 16. Her vil ein også dele ut Diakoniprisen for Vest-Telemark





FRÅ OFFERBØSSA I HØYDALSMO

No i “koronatidene”, kan ein gje takkoffer i ei korg ved utgangen. Ved ei gudsteneste vart vi usikre på om nokon kunne ha misforstått, og ha gjeve ei gåve i den gamle, grøne bøssa ved utgangen. Kyrkjetenar Bjarne Moen hadde ingen nykjel til bøssa, men han fekk til slutt opna den. Det viste seg at den bøssa ikkje hadde vore opna på 50 år! Her var ein gamal salmesetel, eit salmeark frå Landstads salmebok, ein 10-kronesetel frå 1970 og nokre myntar. Ikkje nokon stor inntekt til offerføremålet, men ein liten skatt likevel.

HNJ



Blomsterbua

Tlf: 35 07 71 67

brithwenche@dalenblomster.no
dalenblomster.no



DIVERSE OM KONFIRMASJON

Von/Kyrkjerådet

På grunn av koronasituasjonen anbefalte biskopane å utsetje konfirmasjonen 2021 til hausten, på same måte som i fjor. Samtalegudstenesta vart då også utsett til hausten. Tidspunkta for konfirmasjonane kan de sjå i gudstenestelista. Som prest vil eg gjerne seie at alle konfirmantane har vore trivelege å ha med å gjere, og foreldre og føresette skal også ha takk for det dei har stilt opp i løpet av året.

Så kan det nemnast at påmelding til neste års konfirmantkull er opna, sjå nettsida www.kyrkja.tokke.no. Vi ynskjer alle 9. klassingar hjarteleg velkomne til å delta. Alle kan vere med på opplegget, men sjølv konfirmasjonshandlinga krev at ein er døypt. Dei fleste er døypte som barn, men stort sett kvart år er det også nokon som blir døypte i løpet av konfirmasjonstida.

Undervisningsåret for neste års konfirmantar vil ta til på seinhausten no i 2021. Så vil dei reise på den årlege

sumarleiren i juni 2022 (altså på slutten av undervisningsåret). Sjølv konfirmasjonen vil også for desse finne stad på hausten (d. e. 2022). Då er det grunn til å spørje: Kvifor haust også i 2022 - kvifor ikkje vår, som vanleg?

Bakgrunnen for dette, var kort sagt at alle sokneråda i prostiet, no i februar, vart bedne av det sentrale Prostirådet om å ta stilling til om konfirmasjonstidspunkt framover skulle vere vår eller haust. I eldre tradisjon har haust vore vanleg tidspunkt, men dei siste 50 åra har konfirmasjonen vore på våren. Sokneråda ynskte også å halde fram med dette utan endring.

Prostirådet poengterte likevel at ein frå no av måtte ha haustkonfirmasjon for å kunne vere med i "ønsket og elsket"-opplegget, med sumarleir. Dersom ein då ville halde fram med vårkonfirmasjon, ville konfirmantane gå glipp av leir, og



konfirmantansvarleg sokneprest måtte dubla antal undervisningstimar lokalt i Tokke. Dermed kjente sokneråda det slik at dette var det einaste reelle alternativet dei kunne velje. Men Eidsborg, Mo og Skafså poengterte i sitt vedtak at dei ynskjer å evaluere haustkonfirmasjonen etter nokre år.

Når alt dette er sagt, så trur eg som prest at haustkonfirmasjonar også vil fungere godt - vi gjorde oss gode erfaringar med haustkonfirmasjonen 2020. Mai er ein travel månad på sitt vis, med mange merkedagar. August og september har skulestart, dyrsku og elgjakt, for å nemne noko. Så vi legg vinn på å leggje til rette desse tinga så godt vi kan, så konfirmasjonsgudsteneste og fest blir ei god oppleving for alle.

HNJ

FRAMTIDAS KYRKJE?

Korleis skal framtidas kyrkje vere? Slik det er no har ein to arbeidsgjevarliner. Prestane er tilsette hjå Rettssubjektet Den Norske Kyrkje, medan resten har kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar. Nokre år tilbake vedtok Kyrkjemøtet at ein ville sjå på denne organiseringa. No har rapporten «Samhandling i en selvstendig folkekirke» kome.

Tanken her er at eit prostifellesråd, som skal vera arbeidsgjevar for alle som arbeider lokalt i kyrkja. Valet til dette rådet skjer indirekte frå sokneråda, slik ein i dag vel kyrkjeleg fellesråd. I utvalets innstilling står det slik.


«Prostifellesrådet skal bistå menighetsrådene i deres arbeid for å vekke og nære det kristelige liv i prostiets sokn, og det skal fremme samarbeid mellom de enkelte menighetsråd og lokale arbeidsgrupper i prostiet, samt i trossamfunnet for øvrig».

Dette liknar det ein gjorde i Vest-Telemark på slutten av 1970, og byrjinga av 1980-talet, når ein fekk til ei diakonstilling for eit heilt prosti.

”Hvilke framtidskonturer vil tegne seg opp for Fjågesundsmøte-deltagerne. I denne kirke vil vi få føle mye sterkere enn nå at vi tilhører et aktivt bispedømme, og et meget levende prosti, betjent av et nært prostiråd. Og dette råds diakoniansvar vil kreve ansvarsgrupper, og mye tyder på at om 20-25 år, så har alle prostier i Norge en slik ordning. Ansvarsgruppa og prosten vil ha til sin rådighet en prostidiakon.»

(Gotfred Rekkebo under Fjågesund-møte i 1979. På møtet blei ordet Prostidiakon for fyrst gong nemnd.)

EE





«9 PÅ TELEFONEN»

Det er ofte vi får impulsive svar servert i ulike media. Her vil vi prøve på det same, men det har i denne samanheng blitt gjort over telefon. Dei personane vi har ringt til har sagt ja til å bli spurd. Dei representerer alle sokna i kommunen pluss ein hyttebuar frå eit anna fylke. Han soknar til Skafsåheii Fjellkyrkje når han er på hytta. Unge og eldre har blitt oppringt.

Alle fekk eitt spørsmål, men dei fleste valde å kome med tillegg utover det første svaret. Vi har vald å la intervjuobjekta vere anonyme.

Spørsmålet er: Kva opplever du som positivt ved å ta del i ei gudsteneste?

Person A: Det gjer meg ei god kjensle. Eg er van med å gå til gudsteneste frå eg var ung. Eg vil gjerne trekke fram kor flott det er når Hallvard tek gitaren og syng for oss

Person B: Fred, er det eg opplever. Godt å oppleve samværet med andre. Sidan eg har problem med høyrseven, vil eg nytte høvet til å understreke kor viktig det er at det som vert sagt vert høgt nok for oss. Bruk gjerne mikrofon.

Person C: Får mykje god energi! Du er blant folk du kan stole på, og det gjev meg trygghet. Musikk og song er svært viktig. Kanskje burde ein oftare velje salmer som er friske og lette å synge. Eg har eit forslag: Soknet bør velje ut 20

salmer som kan nyttast. Prest og organist vel ut frå desse. I løpet av eitt år vil likevel ikkje salmene bli kjedeleg å synge, snarare tvert i mot. Sjølv sagt må ein synge salmene som høyrer til høgtidene.

Person D: Ro og fellesskap! Glad i musikk, så orgelet er eit viktig element under ei gudsteneste. Fint når det er mange til stades slik at songen vert fyldig. Skaper eit ekstra lyft. Fint om presten har relevante tema som han kan knytte til teksten. Skulle gjerne sett fleire musikalske innslag. Det trur eg er særleg viktig for å trekke til seg dei yngre. Det er så flott å sjå unge i kyrkja.

Person E: Gudstenesta gjev meg fred og styrke. I vår tid får ein ofte ikkje tid eller høve til å samle seg, roe seg ned. Det opplever eg å få under ei gudsteneste. Prestane er flinke! Eg er litt lei for at ein del av liturgien har endra seg med åra. Vert litt usikker på grunn av det. Likar ikkje når det er ukjente salmer som eg ikkje kan vere med på. Mange har sagt til meg: Fin messe, men kjente ikkje salmene.

Person F: Fellesskap er det første som fell meg inn. Kjennskap til liturgien er viktig. Elles er eg glad i gode salmer, og det er fint om salmene er gjenkjenneleg, slik at folk kan klare å synge med.

Person G: Song og musikk er viktig for meg. Også preika. Då håpar eg alltid at presten er engasjert i det han eller ho legg ut om. Det er heilt greitt om ein av og til har ein ukjent salme, men



ME ZOOMAST

då må det vere ein god forsongar. Elles bør det vere salmer som dei fleste kan delta i. Viktig at konfirmentane deltek under gudstenesta på fleire måtar, gjerne som tekstlesarar, tenne lys, eller tilmed med song og musikk. Fleire i denne gruppa trakterer instrument. Viktig at alle tekstane vert formidla klart og med engasjement.

Person H: Skaper ro. Fellesskap med andre. Kyrkjeorgelet gjev alltid ein god musikalsk oppleving. God song der alle deltek med dei songstemmene dei har. Viktig at presten har relevante tema. Håpar mange fleire møter fram til gudstenestene, og ikkje minst den yngre garden.

Person I: Som hyttefolk på Hallbjønnsekken er vi veldig glade for å kunne kombinere hytteliv med gudstjeneste. Vi tenker med glede tilbake på den tida da bare grunnmuren til fjellkirka stod ferdig. Da feiret vi påskegudstjeneste i friluft i le av grunnmuren. Nå står det en fin kirke der og innbyr folk til gudstjeneste. Takk til alle som styrer med den.

Redaksjonen takkar alle for dei svara dei gav!

Det er mykje å seie om den digitale revolusjonen det siste året. Men det funkar godt å halde Zoom- årsmøte. Tysdag den 20 april heldt Diakonatot sitt fyrste digitale årsmøte.

Eit representativt utval frå Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid logga seg på for å velje styre og vedta budsjett.

No ser styret slik ut: Oscar J. Garnes, Vinje, Gunnar Øverland, Tokke, Møyfrid Lunde, Kviteseid, Asgeir Sele, (prost), Bjørnar Christensen, (kyrkjevevje) Tokke, Sigrunn Solvang(ny) Kviteseid.

Vara Gunnar Grunnvik, Fyresdal og Anne Reime, Nissedal. Eli Rognsvåg frå Kviteseid gjekk ut av styret, og vart takka for innsatsen.





NYE MUSIKALSKE KREFTER I KYRKJE OG KULTUR



Musikk er ein viktig del av livet. Ja, nokre vil jamvel seie at sjølv livet og sjølv røyndomen er ein slags musikk. I Tokke er det mange som delar og utøver song og musikk, både i kyrkje, i kultur, på skule og andre stader. Det er det mange som set stor pris på. Her skal no også nemnast eit par nye grupper som har kome til no i vår.

Kapellan Anne har sett i gong noko som kallast “generasjonsmesse”. Denne finn stad kvar tredje sundag i månaden, kl. 1630, på Tokke kulturhus. Dette er ei gudsteneste med litt “lausare” preg enn dei vanlege liturgiske gudstenestene. Her deltek også ei musikkgruppe, i samarbeid med organisten Robertas. I vår har dei fylgjande delteke, med saksofon, bass, cajon-tromme og song: Elise Skimmeland, Sondre og Peter Fosli Stenseth, Lina Haugholmen, Hallvard N. Jørgensen.

Så skal også nemnast den nye musikkgruppa “Bandak band”, som særleg leiast av Lina Haugholmen. Gruppa spelar “alt frå rock til salmar”, og har øva fast på Austheii grendehus no i vår (då det har vore smittevernmessig tillatt/forsvarleg). Gruppa har ei eiga facebookside som ein kan fylgje. I skrivande stund er bandet booka til å spele på den nemnte generasjonsmessa, på kroa på Dalen, cafeen i Vrådal, rallardagen i Åmdals Verk, seminar på Rui mm.

Dei som deltek i dette bandet, er (sjå bilete) Laila Taraldlien, Lina Haugholmen, Halvor Rui, Espen Moe, Mari Beritu Eikland og Hallvard N. Jørgensen. Som det ligg i bandnamnet, så håpar gruppa at ho etter kvart får høve til å opptre også på Høydalsmo/Lårdal-sida. Ein tanke bandet har gjort seg, er også at det er flott om andre, til dømes frå kulturskulen eller anna, har lyst og høve til å opptre med eigne innslag, i lokale arrangement der Bandak Band spelar.

HNJ





ØSEBERG GRAFISKE

VISITTKORT
DM/FOLDER
BILDEKOR
REKLAMEBANNER
BYGGESKILT
BUTIKKFASADE
SKILT
MESSEVEGG
FLAGG
ROLLUP
GATEBUKK
VINDUSREKLAME

RING
920 23 714

920 23 714 -skiltreklame@gmail.com - Skafsåvegen 665 - Dalen







LYRIKAREN GEORG SOLLI

Av og til opplever ein litt uventa ting. Det skjedde med meg ein dag eg var på Dalen for å handle. Ofte treffer eg kjentfolk som eg slår av ein prat med. Så også denne dagen i vår. Der sat Georg utanfor Coop, og det samla seg fort nokre personar rundt Georg. Brått sa han: «Vil de høyre på nokre dikt eg har skrive»? Raskt drog han fram nokre lause ark frå lommeboka, og sette i gang med stor innleving å lese dikt om rallaren.

Det var litt uverkeleg å oppleve lyrikk på denne måten. Men det slo oss at dikta til Georg var ekte. Sjølv seier Georg at han alltid har hatt stor interesse for rallaren og livet hans. I dei to dikta som omhandlar rallaren, får Georg på ein fin måte skildre rallarens litt røffe liv, men også det meir sårbare og vemodige.

Vi ynskjer Georg lukke til med diktskrivinga, og takkar for at vi fekk besøke han heime hos seg. GS.

RALLAREN PÅ ÅMDALSVERK

Åmdalsverk låg som ein uslipt diamant, heilt til malmen dei fant.
Tyske bergmenn gjekk i land i Kristiansand - Howardgruva var i gang.
Meir kobber dei måtte finne, dei visste den var der inne.

Malmens gang er trong. Parallellgangane Hoffnung og Johannes.
Med bergmenn frå Värmland og Bohuslän,
utvikla Verket seg til Gamlebyen og Nybyen.
Me skal nå ta turen over brua til Tarjei Åmdal i bua.

Så ser me opp mot steintippen og rettar litt på snippen.
Rallarens sønn har med spann, men manglar sukker, gjær og vann.
Han skrive får, og ut av butikken går.

På Råta dei dunken sette på ei slette. Etter dagar hadde dei fri.
Dunken dei henta, for den hadde stått og venta.
I kveld har rallaren fri frå stoller, orter og strosser.

Frå Krafsebakka, Lønskogbrakka, Flesabrakka, Langbrakka, Karlsenbrakka,
Gamlebrakka og Taterbrakka alle opp til Juvet drar,
for der spelar Lykkakarane opp til dansen.
Så tar han enda ein slurk av sitt spann. Nå vil han inn og danse littegrann.





Han opp til dansen bød, for der satt rallarens døtre i kø.
Fattigdom og armod jagar dei burt, når rallarens sønn opp til dansen bød.
Når solen går ned og festen er over,
då tenner ho eit lys i sin stue, og håpar å bli rallarens frue.

Bøndene frå bygda hadde retningssans, for dei ville og til Juvet på dans.
Men rallaren sa: Dra herifra!
Dei jaga blei – opp gamleveg forbi Sondi og Peishaugen,
vidare langs Grisetjønnsletta til Sugga. Der fekk dei seg ein på tugga.

På søndag sat rallaren i pokerøysa. Pengepremiene var nok små, for dei hadde
ikkje så god råd. På måndag måtte dei i gruva gå, og «engelskmann» med
feiselen slå. Nokon måtte malmen sortere – sammen med flere.

Men malmen måtte fraktast til Bandakslí. Turen gjekk med helst opp
Brekkenebakkane til Åmlivatn, med båt over Krokan strand. Over Berglandsheia,
for så ned til Bandakslí å ende. For der skulle dei kobberkonsentratet sende.

RALLAREN

Gruva er som ei mor.
Fjellet er som ein bror.
Bygda med dei omkransa fjell,
der vidder og vollar om
rallarens fortid talar.

Gud signe dei rallarar som der kviler.
Dei fekk ingen kosteleg slutt, men
englane i himmelen song: Her
er ingen titlar og rang.

Til tider var det lite malm å finne.
Då var rallarens lut på denne jord,
ut på vandring frå sør til nord.

Rallarens kapital var minnene frå
barndomsbygda under Skrea fjell.
Her vil vi bo, her får ein rallars hjarte
fred og ro.



Utsnitt: “Det gamle skjeidehuset”. Birger Bastiansen (1980).





KORT OM TRUSOPPLÆRINGA I KYRKJA

I 2003 utfordra Stortinget Den norske kyrkja til å utarbeide ei eiga trusopplæring. Bakgrunnen for dette, kan vi finne så langt attende som i 1969. Då slo Stortinget fast at kristendomsundervisninga i skulen ikkje lenger kunne sjåast som som kyrkja si dåpsundervisning. Kyrkja måtte sjølv ta ansvaret for å gje slik undervisning, eller trusopplæring. Etter dette vedtaket fylgte eit 30-årig kyrkjeleg-pedagogisk reformarbeid. Dette munna altså ut i den såkalla «trusopplæringsreforma.»


I sokna i Tokke er det då, med utgangspunkt i den generelle trusopplæringsplanen, utarbeidd eigne lokale tiltak. Nokre av desse er allereie innarbeidd, medan andre er under planleggjing. Her fylgjer eit lite oversyn:

DEI ULIKE TILTAKA

1 års bok
2 års bok
4 års bok
6 års bok
8 års bok
3 klasse Tårnagentar
Utdeling av NT 10 år
Lys vaken 10-11 år
Konfirmasjon
Leiartrening Ønsket og elsket

Det sendast ut invitasjon til dei døypte i dei einskilde alderstrinn. Så dersom det kjem noko i di postkasse frå kyrkja kan det vere invitasjon til eit tiltak til ditt barn.

I februar fekk alle dei døypte som går i 3. klasse eit brev i posten frå soknet. Her var det oppgåver og ei helsing, sidan vi ikkje kunne gjennomføre Tårnagentar på grunn av covid 19. Dei som svara på oppgåvene, fekk ei gåve attende frå soknet, sjå bilete.



**STØRST AV ALT
TRO • HÅP • KJÆRLIGHET**

Anne Tempelen, kapellan og trusopplæringsansvarleg i kyrkjestaben.



PILEGRIMSTUR FOR KONFIRMANTANE

8. mai vart det arrangert pilegrimsvandring for 2021-konfirmantane. Denne vandringa var den siste ordinære samlinga for dette kullet. Ein del foreldre var også med på denne vandringa. Vi starta frå Eidsborg stavkyrkje, og diakon Eilev dela tankar undervegs om det å vere pilegrim på veg til eit heilagt mål, det å vere takknemleg, og det å leggje av seg bærer i vandringa. Turen gjekk om det gamle brynesteinsbrotet, og attende til kyrkja, der prest Hallvard gav “Herrens velsigning” med dåpsvatn, inne i kyrkja.

Etterpå serverte konfirmantforeldre Hege og Margit pylse i brød, og Hallvard dela songen “Pilegrim II”, som er skrive av Stein Versto og Odd Nordstoga. Ein del tid til triveleg samtale vart det også. Takk til konfirmantar og foreldre for dykkar deltaking på ymse vis. Konfirmantane vil elles altså bli konfirmerte i kyrkjene i Tokke til hausten. Dei er fordelt på fylgjande vis:

Laurdag 28. august:
Skafså kl. 10
Timian Rinden Hellstrand, Hannah Taraldlien, Emilie Hartveit

Skafså kl. 12
Sebastian Solheim, Aleksander Småbrekke, Elin Skimmeland

Skafså kl. 14
Robin Sollie, Linus Sollie, Trym Andreas Fronth Skjellaug

Sundag 29. august:

Lårdal kl. 10

Jorunn Helene Djuvet Kovajord
David Tveito Valencia
Ingrid Kristensen Strånd
Eline Omland Sending

Mo kl. 13

Olav-Andreas Nordskog Pettersen
Even Rykkeli

Laurdag 4. september:

Eidsborg kl. 11

Heidi Anundskås
Torbjørn Mandt

Eidsborg kl. 13

Olav Prestegard Felland

Sundag 5. september:

Høydalsmo kl. 11

Ånund Nordstoga Torgersen
Katrine Sunde Aalandslid
Åsne Austjore Grønstad







PINSEMENIGHETEN EBEN- EZER LÅRDAL

I denne føljetongen har me fått lokale bedehus-entusiastar til å skrive om bedehus rundt om i Tokke. Denne gongen har Odd Gunnar og Svein Olav Heimdal teke oppdraget.

Menigheten Eben Ezer blei truleg skipa på slutten av 1800 tallet. Det fyrste skriftlege materialet me har å gå ut frå er ein protokoll der det kjem fram at 27.09.1903 blei det halde eit styremøte for Lårdal bedehus Eben-Ezer på Bakke hotell (hotellet låg ned til Bandak). Den fyrste protokollen gjekk truleg tapt i brannen på Nyland sumaren 1903, og det er derfor usikkert når menigheten faktisk blei stifta.

Lokalet til Pinsemenigheten Eben-Ezer har sitt opphav frå Indremisjonen. Det var Indremisjonen som bygde bedehuset i 1896-98.

Fra 1911 fekk pinemenigheten lov til å nytte bedehuset av Indremisjonen. Seinare fekk dei overta lokalet mot å overta banklånet. Det kjem ikkje fram i nokon protokoll når faktisk overdragelsen skjedde, men det var fyrst i 1935 at Eben-Ezer blei registrera som ein Pinsemenighet.

Det var i perioden 1930 til 1950 at menigheten hadde den største veksten. Medlemmstalet i 1938 var 91 personar. Pr. 31.desember i 1946 var det registrert 107 medlemmar, noko som gjorde menigheten til den største pinsemenigheten i landet sett ut fra

folketalet.

Det har vore fleire forstandarar opp gjennom tidene, men den som stod i denne tjenesta lengst var Åsmund Nyland. Han var forstandar fra 1940 og fram til 1967.

Frå protokollen i 1935 kan ein lesa at forstandaren for menigheten blei lønna med kr. 200,- for året.

Mange unge som blei med i menigheten fann sin plass i musikklaget, og stod trufast på til dei vart gamle. Det var mange gode sangrøyster og stort spekter av instrumenter, til og med var det nokon som spela på sag.

Misjonen har hatt stor plass i menigheten. Frå 1937 – 59 stod menigheten som utsendarmenighet for Marie Askje, født i Lårdal. Ho var misjonær i Kina frå 1919 fram til landet blei stengt. I 1949 reiste ho til Formosa der ho var misjonær i 10 år. Ho kom heim til Norge 70 år gamal og døydde i Porsgrunn i 1972.

Frå 1961 – 83 var menigheten utsendarmenighet for Anna Strømsrud som var misjonær i Paraguay. Fram til 1983 gjekk ein stor andel av menighetens totale midlar til misjonsarbeid. I seinare tider har menigheten støtta fleire ulike misjonærar, men har ikkje vor utsendarmenighet for desse. Ein av misjonærane som menigheten har støtta har vore Aslaug Langåsdaalen som dreiv sitt misjonsarbeid i Japan.

Menigheten har i alle år, frem til for





Eben-Ezer slik me kjenner det i dag.

nokre år sidan, drive eit aktivt Barne- og ungdomsarbeid. Av ulike årsaker har det vore vanskeleg å halde fram med det gode arbeidet som blei drive, men det arbeidast aktivt med å få på plass ein aktivitet for borna i bygda.

I mange år var det sundagsskule i både den øvre og nedre delen av bygda. I nedre del av bygda var det Haldis og Torbjørn Andersen som var primus motor for sundagsskulen, mens det i den øvre del av bygda var Else og Charles Heimdal. Sundagsskulen i nedre del av bygda vart halde i menighetens lokaler, mens det i den øvre delen av bygda var privatpersonar som opna stogene sine kvar sundag for borna. Her må nevast Gudrun og Arne Djuve, Ragnhild og Gjermund Midtbø, Else og Charles

Heimdal.

For å engasjere og nå ut til tenåringane var det i mange år arrangert Ten-treff. Her møttes ungdomen til ulike aktivitetar, sang, andakt og noko å eta. Ungdom blei også invitera ut på Tiurleik, som har skapte varige minne. Andre aktivitetar i menighetens regi har bla. vore gitarkurs, barnekor, skidag og sundagskuleturar. Kan og nemnas i denne sammenheng at Else Heimdal fekk Tokke Kommunes Kulturpris for 2001 for 50 års arbeid med sundagsskule-, lagsarbeid og song.

Natt til 22.oktober i 1990 ramma tragedien menigheten. Huset brann ned. Utan lokaler måtte menigheten ty til andre stader å halde møte. Møte på sundag veksla mellom Lårdal Grendehus



og Håtveit skule. Bønne møte på torsdag gjekk på rundgang som husmøter. Menigheten satte raskt i gang med å planlegge for nytt lokale. Med mykje god dugnadsinnsats og flinke snikkarar stod det nye flotte lokalet ferdig på slutten av 1991.

Kyrkja i Lårdal og pinsemenigheten har i mange år samarbeida godt om ulike tilstelningar. I 2001 inngjekk pinsemenigheten og kyrkja i Lårdal samarbeid for å engasjere ungdomen i å lage ei flåte (Lårdalsarken). Arken/flåta blei bygd på dugnad saman med ungdomane. Mange vaksne i bygda som vanlegvis ikkje hadde vore med på slikt arbeid saman med ungdomane, engasjerte seg, og brukte sin kompetanse som arkitektar, også til å konstruere

skovelhjul, hydraulikksystem, m.m

Med synkende folketal og eldre som ikkje lenger er blant oss, er det ikkje lenger mange medlemmar i menigheten. Men me samlast til møte ein gong i månaden og bønne møte annankvar torsdag. Før pandemien trefte landet har menigheten vore arrangør av vår-konsert med ulike aktørar på Lårdal brygge, med godt oppmøte.

Frå 2009 har Alf Jul Jacobsen vore pastor for menigheten

Sjølvs om menigheten ikkje lenger kan reknast som den største i landet etter folketalet, så er det tru for at ein dag – Når Herren vil- er lokalet på nytt fylt!



Det gamle lokalet.

Tekst og bilete:
Odd Gunnar og Svein Olav Heimdal





Sundagsskolen på Håtveit Skule.

YX Dalen

- Softis
- Milkshake
- Fast food
- Nysmurt
- Bollar
- Mobiltilbehør
- Propan

YX Dalen, Storvegen 227, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 71 32

www.lioauto.no

Lio Auto A/S

Din lokale bilverkstad

Me utfører:

- Mekaniske reparasjoner
- Karosseri reparasjoner
- Lakkering
- Oljebehandling
- 4-hjulsmåling
- AC-service
- Diagnose
- Bilvaskmaskin
- Dekkservice

I tillegg utfører me:

- Ruteskift
- Rensing/flushing av automatkasser
- EU-kontroll
- Service på alle bilar

3 års garanti på delar og arbeid! Tlf: 35 07 71 32

Lio Auto A/S
3880 Dalen
Tlf: 35 07 71 32
post@lioauto.no

Mekonomen
Bilverksted

www.lioauto.no





STATUSRAPPORT FRÅ FRIVILLIGSENTRALEN

Frivilligsentralen i Tokke har vore i gang gjennom heile koronaperioden, med gåturar og (når det har vore tillatt) kaffisamlingar. I tillegg er det stadig andre sosiale arrangement og hendingar i regi av sentralen. No om dagen syslar både tilsette og frivillige mykje med flytting til nytt lokale, montering av nytt kjøken og anna interiør. Dei legg ned ein stor innsats her. Det nye lokalet ligg ved sida av helsesenteret, i lokalet til det gamle "Spitet". Her er det eit stort samlingsrom med fin utsikt til Eidsborgberget. Ved sida av bygget er det også ein liten grøn plen med bord og stolar, slik at ein kan samlast ute.

På årsmøtet den 4. mai vart ein stor takk også gjeve til styreleiar Ellen Ofte Jakobsen, for den tenesta ho har gjort. Ho vil halde fram ei stund til, inntil ny styreleiar er på plass. På møtet vart også "årsplanen" lagt fram, med forslag til, og planar for, tiltak og arrangement i det komande året. Gåturane og kaffisamlingane vil halde fram, og like eins er det mål om å halde fram med turar ut til fine plassar i bygdene i Tokke med jamne mellomrom. Ein vil freiste å ha måltidssamlingar på sentralen, og kanskje også kultursamlingar eller "seminar", der nokon delar musikk, litteratur, handverk eller anna dei er interessert i. Det vil også vonleg kome i gang eit samarbeid med kulturskulen, om å stille ut kunst-arbeid i lokalet til sentralen.

Frivilligsentralen skal vere ein positiv møteplass der det skal vere rom for alle,

og der ein skal kunne dele livsglede og kultur. Lag og foreiningar som ynskjer å samarbeide med sentralen, er velkomne til å ta kontakt. Når det gjeld økonomi, så er frivilligsentralen takknemlege for all stønad.

Ein kan gje ei gåve på vipps-nummer #639205, eller også bli fast gjevar i nettbanken og setje inn på konto 1506.19.46966.



På biletet frå årsmøtet: Dagleg leiar Sabine Gati og styreleiar Ellen Ofte Jakobsen.





Å SKJERE FRUKTTRE I STORVEGEN 208

Soknerådet i Eidsborg/Mo og Skafså og Diakonatet i Vest- Telemark eig saman Storvegen 208, for mange kjend som Prestebustaden på Dalen.

Målet er å skape eit kyrkjelydshus til møter og samlingar. T. d sorggrupper, konfirmanttimar og trusopplæring.

Ein kveld i slutten av april var styret for huset samla for å skjere frukttrea og rydde i hagen. Dugnaden kom i stand etter at Halvor Øygarden frå Vinje tok kontakt. Han ville markere at det var femti år sidan han sist gong trimma trea.

Den gongen var det Alf Birkeland som var prest. Han var så nøgd med korleis trea vart at han omtala det i ei preike, fortalde Halvor.

Om det er fleire som vil vera med på dugnad er det berre å seie frå. Om ein vil støtte prosjektet økonomisk, kan ein finne informasjon om dette lenger bak i dette bladet.



Halvor Øygarden og Finn Lie har full kontroll på kvist og kvast.





NYTT FRÅ FELLESRÅDET

Takk til Tony Raley

Vår faste organistvikar Tony Raley er blitt pensjonist og hadde sin siste vikarteneste på gudstenesta i Skafså 30. mai. Han har vore heilt sentral for oss dei siste 6 åra i gjennomføring av dei arrangementa som me ikkje har fast tilsett organist til å dekke opp. Om lag 60 arrangement har Tony stilt opp på kvart år dei siste 6 åra som vikar.

Fellesrådet har ein fast tilsett organist, Robertas Lamsodis, i 35% stilling. Han er og tilsett i Vinje Kyrkjelege fellesråd i 65% stilling. Han har difor to arbeidsgjevarar og det er eit svært godt samarbeid om bruken av han i både Tokke og Vinje. Vinje har i tillegg ein organist til som er tilsett i ein mindre deltidsstilling. Lamsodis arbeidar fast kvar 3 helg i mnd. Her i Tokke, samt at han spelar på andaktar annan kvar onsdag og har i tillegg omlag 26 kyrkjelege handlingar (gravferd/vigslar) i året.

Fellesrådet har eit udekket behov på om lag 35%. Men fellesrådet har ikkje hatt hell med seg knytt til rekruttere ein organist til då stillinga er for liten til at han er interessant for ny rekruttering. No når Tony Raley gjev seg vert det svært merkbart kor viktig han har vore for oss. Frå hausten av kjem det difor til å være mange nye organistar spesielt på gudstenestene. Maria Skjæveland, kantor i Nissedal, Freddy Brander, kantor i Fyresdal, Dagfinn Køhn pensjonert kantor i Nissedal og Tore Sognefest (freelancer Seljord) har tatt på seg fleire vikaroppdrag i fram til jul.

I skrivande stund manglar det organist til gudstenester i Høydalsmo 5. september (konf.gud.) og 12. desember, i kulturhuset 3. oktober, 5. desember og juleften, samt i Mo kyrkje 1. juledag. Det er fleire som er forspurt når det gjeld desse messene slik at det von om at det vert levande musikk på desse arrangementa.

Kyrkjegardsdrift i sumar

Det er tilsett 2 vikarar for ekstraarbeid knytt til kyrkjegardane no i sumar. Fisehaye Tesfargergis-Gebresilassie startar opp rett over pinse og skal arbeide ut september. Han får ansvaret for grøntarbeid knytt til Eidsborg, Høydalsmo, Lårdal og Skafså kyrkjegardar, samt at han frå midten av august skal arbeide med å sette opp nytt gjerde i Lårdal og Mo. Jon Grøstad Johnson startar opp i midten av juni og har ansvaret for Mo kyrkjegard fram til skulestart i midten av august.

Nye gravplassportar

Det har i mange år mangla portar til gravplassane i Høydalsmo, Eidsborg og Skafså. Desse kjem på plass no i år. Ny port i Høydalsmo er klar – produsert av Kleppo og nye portar i Eidsborg kjem til hausten – produsert av Hans Mamerud. Rett etter pinse vert det ordna med nye fester til portane i Skafså. Planen er at desse portane skal være på plass i løpet av året.



Prestestoga Eidsborg

Riksantikvaren har varsla at det skal gjerast arbeid med å flytte alt teknisk utstyr knytt til stavkyrkja som i dag er montert i pretestoga over til teknisk bygg bak. Difor er prosjektet pretestoga utsett til etter at riksantikvaren er ferdig med sitt arbeid. Det er von om at arbeidet med pretestoga kan ta til etter sumaren 2022.

HC-innang Lårdal

Riksantikvaren har nå godkjent planane om HC-innang Lårdal. Fellesrådet ynskjer å legge til rette for ein L forma HC-rampe på nordsida av våpenhus, heve trapp, senke dør, bygge innvendig varegolv i våpenhuset og rampe på innsida av dør inn til kyrkjeskipet, samt fjerne ein benk i kyrkjeskipet til rullestolbrukarar. Er du interessert i teikningar etc, ligg prosjektet på heimesida til kyrkja, sjå www.kyrkja.tokke.no. I skrivande stund ventar me på avgjersle frå statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som er varsla skal kome om kort tid. Om statsforvaltaren er positiv vert saken sendt over til biskopen for endeleg avgjersle. Når biskopen har gjeve sitt endelege svar, først då kan fellesrådet starte arbeidet med å få tilbod frå ulike entreprenørar og tilslutt skrive kontrakt. Det er utarbeidd gode teikningar og kostnadskalkyle, me er optimistar og satsar på at HC-innang er klart før vinteren.

Skafså kyrkje

Skafså kyrkje er sørgjeleg å sjå på. Kommunen har løyva 2 mill. til å sette kyrkja i stand. Det er fellesrådet svært glad for. Skafså kyrkje er listeført (verna) av riksantikvaren og har gravplass rundt kyrkja. Det må difor dokumenterast kva som gjekk gale i 2009, samt gjerast ein grundig jobb med å beskrive kva som skal gjerast og korleis. Dette er rapportar kyrkjevevja må få utarbeide før fellesrådet kan gjere vedtak om å søke biskop med kopi til riksantikvar, statsforvaltar. Det vert stilt krav til montering av stillas og kompetanse hjå handverkarar, det er metodekrav knytt til fjerning av maling, det skal dokumenterast kvar for slags type maling og farge som har vore på kyrkja sine ulike delar heilt frå starten av, om bord/kledning må skiftast ut grunna råta vert det stilt krav til materialtype og utsjånad. Arbeid knytt til vindauge og dørar har og eige krav. Det at det og er gravplass rundt kyrkja og gravstader til dels tett inntil kyrkja gjer dokumentasjonskrav enda større. Statsforvaltar i Vestfold og Telemark kjem nok til å be om løysingar på korleis gravplassverksemda skal gjennomførast i anleggsperioden utan at rettane til dei som har festa graver tett inntil kyrkja ikkje vert sett til side. Kompetanse til å løyse alle disse krava finnest ikkje kyrkjestaben slik at det er ein heil del rapportar som må kjøpast inn. Det er von om at søknad kan sendast i år og at arbeidet med Skafså kyrkje kan starte opp i 2022.



EL-kontroll

Vest-Telemark kraftlag gjennomførte el-kontroll på alle kyrkjene våre i februar/mars og det vart avdekt ganske mange feil og manglar som må utbetrast. Dette er feil som må rettast for at kyrkjebyggforsikringa skal være gyldig. Dyrud i Seljord starta opp rett etter 17. mai og det skal være ferdig innan utgangen av juni. Nokre av kyrkjene våre hadde ganske mange feil slik at totalt er dette arbeidet er berekna til å koste om lag kr. 150.000. Leiinga i kommunen vil handsame kostnadsinndekning for feilrettinga knytt til el-anlegget i kyrkjene i samband med budsjettrapport 3 kvartal.

Søknad om statleg tilskot utskifting av elektrisk anlegg

Kyrkjeverja har søkt riksantikvaren om midlar til utskifting av elektrisk anlegg i Høydalsmo, Lårdal Skafså og Mo kyrkjer. Det er i fyste omgang snakk om utskifting av dei gamle rør-omnane under benkane til meir moderne og energieffektive, samt belysning i korparti i alle kyrkjene og betring av lystilhøve i kyrkjeskipa og strømstyringsanlegg i Skafså og Høydalsmo kyrkjer. Dei fire prosjekta er berekna å koste kr. 600.000. Vert søknadane godkjent dekker riksantikvaren 50%. Arbeidet skal være ferdig utført innan oktober 2022. Fellesrådet vil difor om riksantikvaren godkjenner prosjektet be om eigen løyving for dette frå kommunen i samband med kommunebudsjett 2022.

Orgelet i Eidsborg stavkyrkje

Det er endeleg gjort eit større arbeid på harmonium-orgelet i stavkyrkja. Det er eit mekanisk trø-harmonium som organistane våre i mange år har hatt større og større utfordringar med å spele på. I fjor haust kollapsa orgelet heilt og vår faste orgelreparatør/orgelstemmer Henrik Brink Hansen tok det då med seg i samband med den fast årleg orgelservicen på kyrkjeorgla våre. No i april kom orgelet attende. Det har fått ny belg, ny trø-mekanikk, ny tangent mekanikk og er ny stemt. Det er vel vert å ta ein tur innom på messe no i sumar då det er som om vi har fått eit nytt instrument i stavkyrkja! Velkommen.





Tokke Frivilligsentral har flytta til Hotellvegen 1.

Ope

Tysdag-fredag 11-14

Vandring måndag - fredag kl. 11

Velkomen til oss!

Tokke seniornett og Tokke Frivilligsentral

Datahjelp til seniorer.

Vi har kurs/møter/veiledninger
på Frivilligsentralen i Tokke,
hver torsdag kl. 11.00 til
kl. 14.00.

Hotellvegen 1, 3880 Dalen.
Smittevern blir tatt hensyn til.
Alle er velkommen.



TOKKE SENIORNETT

- får seniorenne på nett -

tokke@seniornett.no





TEVLING: ORD OG UTTRYKK

Dersom du klarar rett svar på 15 av dei 20, vil du vere med i trekkinga av ein premie. Lukke til!


Send svara på e-post til
gunstein@seltveit.no eller i brev til:

Gunstein Seltveit
Skafsåvegen 705
3880 Dalen


1




2




3




4




5



6




7



8



9




10



11




12




13




14




15



16




17



18



19



20





TEVLINGA OM JOLESONGAR I FØRRE UTGÅVE.

Det var 15 strofer av meir eller mindre kjente jolesongar som skulle føre fram til kva jolesongane heitte.

Det kom fleire rette svar, men eitt vart trekt ut som den heldige vinnaren.

Det vart Signe og Olav Tveito frå Lårdal. Gratulerer. Premien er ei pakke Twist.

VIL DU GJE EI GÅVE TIL DET KYRKJELEGE ARBEIDET I TOKKE?

Den norske kyrkja støttast økonomisk av sine medlemer, ved skattebetaling. Likevel er det fleire føremål i det kyrkjelege arbeidet som er avhengig av frivillig stønad. Det er godt å minne om ordet i Skrifta: «Gud elsker ein glad gjevar». Ein skal gje til det ein ynskjer, og også så mykje som ein ynskjer. Du kan få skattefrådrag for gåver over 500 kroner. Merk då innbetalinga «Skattefrådrag», eventuelt kan du kontakte kyrkje-kontoret og seie frå.

Kyrkjelydsbladet «Kyrkjelyden»

Vipps 3886, alternativ 1 «Kyrkjelydsbladet i Tokke». Eller: Kontonummer 2685.07.06947. Dersom du gjev gåve på bankkonto, merk overføringa «Gåve, kyrkjelydsbladet». Bladet drivast no på frivillig basis i alle ledd, men ein treng stønad til trykking av blad.

Skafsåheii fjellkyrkje

Vipps 3886, alternativ 7 «Gåve Skafsåheii Fjellkyrkje». Eller: Kontonummer 2685.07.06947. Dersom du gjev gåve på bankkonto, merk overføringa «Gåve fjellkyrkja». Pengar her går mykje til dagleg drift og ulike kyrkjelege og kulturelle arrangement. Du kan også gje til Fjellkyrkja gjennom “Grasrotandelen” når du tippar.

Storvegen 208, «soknehuset»

Vipps 3881. Eller kontonummer 2685.50.00422. Dersom du gjev gåve på bankkonto, merk overføringa «Gåve». Pengar her går mykje til faste utgifter og vedlikehald. På sikt er målet at huset i fullt mon skal vere eit fleirbrukshus for kyrkja og gode føremål.

Kyrkjelydsarbeidet i Eidsborg, Mo og Skafså

Vipps 3880, alternativ 2 «Gåve kyrkjelydsarbeidet». Eller: Kontonummer 1203.08.15163. Dersom du gjev gåve på bankkonto, merk overføringa «Gåve». Sokneråda brukar sine økonomiske ressursar til mange ting – servering til gudstenester og arrangement, innkjøp av utstyr til kyrkjene, stønad til barne- og ungdomsarbeid, utvikling av kyrkjemusikk osv.

Kyrkjelydsarbeidet i Høydalsmo og Lårdal

Vipps 3891, alternativ 2 «Gåve kyrkjelydsarbeidet». Eller kontonummer 2685.20.12896. Dersom du gjev gåve på bankkonto, merk overføringa «Gåve».



SLEKTERS GANG

Eidsborg, Mo og Skafså sokn

DØYPTE:

Freja Jernberg Midjås (Mo kyrkje)

Marcel Mroz (Skafså kyrkje)



DØDE:

Helge Pedersen (Skafså kyrkje)

Henrik Taraldlien (Skafså kyrkje)

Knut Torfinn Askje (Skafså kyrkje)

Signe Vildrid Felland (Mo kyrkje)

Borghild Kristine Barstad (Skafså kyrkje)

Olav Aase (Mo kyrkje)

Helge Tjøstolv Lie (Skafså kyrkje)

Kåre Nesheim (Tokke kulturhus)

Agnar Hans Tveiten (Mo kyrkje)

Ingrid Bastiansen (Skafså kyrkje)

Karl Tormod Østerhus (Skafså kyrkje)

Høydalsmo og Lårdal sokn:

DØDE:

May Brit Nilsson (Høydalsmo kyrkje)

Hans Hansen (Høydalsmo kyrkje)

Ragnar Willy Kristiansen (Lårdal kyrkje)

Halvor Djuve (Lårdal kyrkje)

Jan Hansen (Høydalsmo kyrkje)





GUDSTENESTELISTE TOKKE, SUMAR OG HAUST 2021

Laurdag 5. juni kl. 11.

Friluftsmesse på Rui/Dalen i samband med «Rui-seminaret»

Sundag 20. juni kl. 11. 4. søndag i treeiningstida.
Friluftsgudsteneste. Gapahuken ved skulen i
Høydalsmo.

Sundag 20. juni kl. 1630. 4. søndag i treeiningstida.
Tokke kulturhus. «Generasjonsmesse»

Sundag 27. juni kl. 11. 5. søndag i treeiningstida.
Mo kyrkje.

Sundag 4. juli kl. 14. Aposteldagen.
Eidsborg stavkyrkje.

Sundag 18. juli kl. 11. 8. søndag i treeiningstida.
Lårdal kyrkje.

Sundag 25. juli kl. 14. 9. søndag i treeiningstida.
Eidsborg stavkyrkje.

Sundag 1. august kl. 11. 10. søndag i
treeiningstida.
Eidsborg stavkyrkje.

Sundag 15. august kl. 11. 12. søndag i
treeiningstida.
Høydalsmo kyrkje.

Laurdag 21. august kl. 1630.
Tokke kulturhus. Samtalegudsteneste.

Sundag 22. august kl. 11. 13. søndag i
treeiningstida.
Eidsborg stavkyrkje. Familiedag på museet.

Laurdag 28. august kl. 10, 12, 14.
Skafså kyrkje. Konfirmasjonar.

Sundag 29. august kl. 10. 14. søndag i
treeiningstida.
Lårdal kyrkje. Konfirmasjon.

Sundag 29. august kl. 13. 14. søndag i
treeiningstida.
Mo kyrkje. Konfirmasjon.

Laurdag 4. september kl. 11 og 13. 15. søndag i
treeiningstida.
Eidsborg stavkyrkje. Konfirmasjonar.

Sundag 5. september kl. 1100 og 1300.
Høydalsmo kyrkje. Konfirmasjonar.

Sundag 19. september kl. 11. 17. søndag i
treeiningstida.
Lårdal kyrkje.

Sundag 19. september kl. 1630. 17. søndag i
treeiningstida.
Tokke kulturhus. «Generasjonsmesse».

Sundag 26. september kl. 11. 18. søndag i
treeiningstida.
Mo kyrkje.

Sundag 3. oktober kl. 11. 19. søndag i
treeiningstida.
Tokke kulturhus.

Sundag 17. oktober kl. 11. 21. søndag i
treeiningstida.
Høydalsmo kyrkje.

Sundag 17. oktober kl. 1630. 21. søndag i
treeiningstida.
Tokke kulturhus.

Sundag 24. oktober kl. 11. 22. søndag i
treeiningstida.
Skafså kyrkje.

Sundag 31. oktober kl. 11. Bots- og bøneding.
Mo kyrkje.



INFORMASJON

Returadresse

KYRKJELYDEN

Storvegen 60

3880 Dalen

TOKKE BEGRAVELSESBYRÅ

Gravferdstenester, nye gravminne, skrifthogging, vask, rens,
oppussing og oppretting av gravminne.

Døgnvakt: 350 77 312

Torgeir Kovajord

Tlf: 928 13 634

Eldbjørg Landsverk

Tlf: 413 10 523



Olav Johre
P.b. 43, 3886 Dalen
Besøksadresser:
Hotelvegen 16, 3880 Dalen
tlf. +4735077550
mobil +4791518005
Epostadresse:
olav.johre@johrerevisjon.no
Web: johrerevisjon.no

